



Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Daniel Almhjell, 5557 2150

## Uttale til søknad om nydyrking på 221/1 i Alver kommune

Vi viser til søknad om nydyrking av om lag 2 dekar på gbnr. 221/1 i Alver kommune. Arealet som skal nydyrkast er klassifisert som anna markslag. Arealet skal nydyrkast til overflatedyrka jord og skal nyttast til beiting. Arealet er ein del av eit tørrlagt elveløp til Eikefetelva. Det er tiltenkt å fylle igjen dette tørrlagte elveløpet slik at elvekanten vert flytta ca. 3 meter mot vest, dette for å oppretthalde god plass til vatnet under flaum.

Ifølgje § 1 i forskrift om nydyrking skal nydyrking gjerast på ein måte som tar omsyn til natur- og kulturlandskap. Det skal leggast vekt på omsynet til miljøverdiar som biologisk mangfald, kulturminne og landskapsbilde. Det skal også leggast vekt på å sikre gode driftsmessige løysingar.

Kommunen skal etter § 5 i forskrifta også legge vekt på om det ut frå jordlova § 1 er ønskeleg å styrke driftsgrunnlaget på eidedomen, og om nydyrkingstiltaket legg til rette for driftsmessige gode løysingar. Statsforvaltaren skal i tråd med § 9 gjevast høve til å uttale seg der nydyrkinga kan ha innverknad på vesentlege miljøverdiar, jf. § 3 forskrift om nydyrking.

Vi minner om § 6 i nydyrkingsforskrifta som seie at det ved nydyrking skal settast att ein vegetasjonssone mot vassdrag. Langs vassdrag med årsikker vassføring skal sonen vere minst 6 meter ved normal vassføring. Langs vassdrag utan årsikker vassføring skal sonen vere minst 2 meter. Som vassdrag reknast stillestående eller rennande overflatevatn med årsikker vassføring og vassløp utan årsikker vassføring dersom det skil seg tydeleg frå omgjevnadane.

Vi tilrår at NVE får saka på høyring og får vurdert om tiltaket er konsesjonspliktig.

Dette er eit verna vassdrag med flaumproblematikk. Det er vedlagt eit brev frå NVE med ein tilbakemelding på allereie utført terrenginngrep. I brevet skriv NVE at elveløpet bør få tilbake den opphavelige kapasiteten og funksjonen som det hadde før utfyllinga. Dei har vurdert det utførte tiltaket som er lagt fram til ikkje å krevje noko vidare handsaming etter reglane i vassressurslova. Vi vil understreke at NVE ikkje har uttalt seg om nydyrkingstiltaket det søkjast om, og at det kan vere nødvendig å henta inn hydraulisk kompetanse slik NVE tilrår med tanke på brua. Det er difor viktig at NVE får uttalt seg om saka sjølv om dei har gitt tilbakemelding på allereie utført terrenginngrep.



Med helsing

Torleiv Skage  
seniorrådgjevar

Daniel Almhjell  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*